

Det har vorte tradisjon at den nordirske artisten Andrea Rice held konsert i Dønhaugkjedlaren då ho kjem på sin årlege sommarturne. I år er datoen sett til torsdag 9.august. Andrea er både songar og musikar (gitar og irsk harpe), og som band har ho med seg ektemannen Fee Dobbin (bass ogbohran) og Mark Haddock (banjo, mandolin og tenor gitar)

Andrea Rice er blant Irlands beste og mest etterspurte "Folk & Ballad" liveartistar. Hennes talent har bragt henne til mange land og til store show der ho har samarbeidd med et utall velkjente irske artistar slik som "The Dubliners", "The Chieftains", "ChistyMoore" og "The Wolf Tones".

Andrea hadde sin første turnerundt om i Noreg sommeren 1999 og vart så populær at ho er invitert kvart år sidan. Ifjor vart ho kåra til **årets beste artist** av Oppland Arbeiderblad
I årets turne held ho 30 konsertarrundt om i Sør-Norge.

Det som kjennetegner Andrea er atho ønskjer å halda sine konsertar i lokaliteter, der ho kjem tett på publikum.
og framfører kjende og
og mindre kjente songar og folketoner frå Irlands rikhaldige musikkarv.

Ein annen side ved henne er at ho ofte byr på meir enn berre ein konsert ved at ho etter konserten inviterer til "jamsession" og får med seg publikum på "Ceili dans". Slik vert det nok i Dønhaugkjedlaren også denne gongen.